

**KONTROLLUTVALET I  
GISKE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 08.04.2013 kl. 13.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades: Anne Lise Hessen Følsvik, Arnfinn Rune Giske, Harald Hole og Ruth Roald  
**= 5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.  
Frå Giske kommune møtte ordførar Knut Støbakk.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 07/13  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 21.03. 2012**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 21. mars 2013 blir godkjent.

**SAK 08/13  
SLUTTAVTALE MED RÅDMANNEN**

Saksdokument datert 26.03.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Det vart stilt spørsmål omkring habiliteten til Ruth Roald relatert til hennar funksjon som ordførar ved fastsetting av ein tidlegare arbeidsavtale for rådmannen. Ruth Roald forlet møtet og utvalet gjorde samrøystes vedtak om at ho var habil. Ruth Roald tok sete på nytt.

Det vart også stilt spørsmål ved habiliteten til ordførar Knut Støbakk. Konklusjonen vart at ettersom ordførar ikkje var medlem av utvalet, var problemstillinga irrelevant.

**Kontrollutvalet sitt vedtak – 4 mot 1 røyst:**

Kontrollutvalet viser til protokoll av 28.01.2013 mellom Giske kommune og rådmann om sluttlønn som rådmann og retrettstilling. Protokollen vart godkjent av formannskapet i møte 11.02.2013, sak 018/13. Kontrollutvalet viser også til arbeidsavtale mellom Giske kommune og rådmannen av 31.03.2011.

Kontrollutvalet vil be formannskapet v/ordførar om å gjere greie for sakshandsaminga som ligg til grunn for formannskapet si godkjenning av protokollen. Særleg ønskjer kontrollutvalet at utgreiinga legg vekt på kva for vurderingar som formannskapet har gjort med omsyn til:

- Heimel for å opprette nye stillingar
- Om saka er av prinsipiell karakter
- Sikre den allmenne tilliten
- Vurderingar i forhold til Riksmeklingsmannen sin protokoll

Om formannskapet har lagt til grunn at det er ein vanleg praksis å auke lønna til ein rådmann vesentleg ved ein frivillig avgang, vil kontrollutvalet be om at den blir dokumentert.

Kontrollutvalet vil avslutningsvis be formannskapet v/ordførar om gjere greie for dei økonomiske konsekvensane vedtaket har for Giske kommune.

Det blir bedt om skriftleg svar innan 1. mai 2013.

Dag Oksnes leiar (sign.)	Anne Lise Hessen Følsvik nestleiar (sign.)	Arnfinn Rune Giske medlem (sign.)	Harald Hole medlem (sign.)
--------------------------------	--	---	----------------------------------

Ruth Roald  
medlem  
(sign.)